



Leiinga ved ungdomsskolen i Rosendal er glad for utspelet frå FAU i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Verksemdsleiar Stein Elling Schille ved Rosendal ungdomsskule ser svært positivt på at foreldra bryr seg om barna sine. Det gjev han uttrykk for i eit svar på utspelet frå FAU ved skulen i Uskedalen om kor viktig det er å letta overgangen frå barneskule til ungdomsskule.**

- At foreldra bryr seg er eit absolutt vilkår hvis Rosendal ungdomsskule framleis skal klare målet som kommunestyret har gjeve om eit eksamensresultat over landsgjennomsnittet, held Schille fram. Han imøteser utspel og tankar frå FAU i Uskedalen om korleis ein kan få samarbeidet og overgangen endå betre.



Verksemdsleiar Stein Elling Schille er glad for FAU-initiativet frå Uskedalen. (Foto: innsida.no)

- Kommunestyret har tydelege forventningar både til oss og foreldra om kva resultat vi skal oppnå. Samarbeid er eit hovudvilkår skal vi lukkast, skriv Schille.

Han gjer rede for den praksis dei har hatt for overgangen gjennom mange år, med mellom andre desse tiltaka:

- I november/desember deltek pedagogisk koordinator på ressursmøte på barneskulane der dei elevane som er aktuelle for ekstra hjelp er tema.

- I mars/april vitjar kontaktlærarane for neste års åttande steg det sjuande årssteget på barneskulane. Dei har med seg eit førebels utkast til gruppeliste og drøfter denne med kontaktlæraren for det sjuande steget. Lærarane møter også elevane og tidsramme for dette har vore om lag ein halv skuledag.
- I mai vitjar rektor ved ungdomsskolen krinsskulane på kveldstid og orienterer om val av framandspråk. Foreldre og elevar deltek og det vert og høve til samtale om andre spørsmål angående skulen.
- I juni vitjar elevane ved barneskulane ungdomsskolen der dei får ei omvisning, ser det nye klasserommet og møter dei nye lærarane sine. Før dei kjem, er gruppelistene for dei nye åttandegruppene gjort kjende.

Barneskulane arrangerer seg imellom treff for sjuandeklassingane slik at dei kan verta kjende med kvarandre før dei kjem på ungdomsskulen.

Verksemndsleiar Schille opplyser at når dei nye nasjonale prøvene i haust er komne i ny og truleg endeleg form, vil han sende oppgåvene til barneskulane. Då kan dei sjå kva Staten forventar av ein elev som nett er ferdig med det sjuande årssteget.

Han peikar også på at Kvinnherad no vert pilotkommune i MOT. Det betyr ei fadderordning mellom 8. og 10. steget, truleg frå våren.

Schille har i mange år ynskt å ha ei hospiteringsordning mellom ungdomsskolen og barneskulane, men så langt har ikkje ressursane tillete dette.

Av Ola Matti Mathisen